

**EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 95/58/EF****av 29. november 1995****om endring av direktiv 79/581/EØF om forbrukervern ved angivelse av priser på næringsmidler og direktiv 88/314/EØF om forbrukervern ved angivelse av priser på varer som ikke er næringsmidler (\*)****EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 100 A,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen<sup>(1)</sup>,

med tilvising til fråsegnen frå Økonomi- og sosialutvalet<sup>(2)</sup>,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten<sup>(3)</sup>, og

ut frå desse synsmåttane:

I programmet til Fellesskapet for ein politikk for forbrukarvern og forbrukaropplysning<sup>(4)</sup> er det fastsett at det skal utarbeidast felles prinsipp for å opplyse om prisar.

Slike prinsipp er fastsette i direktiv 79/581/EØF<sup>(5)</sup> for næringsmiddel og i direktiv 88/314/EØF<sup>(6)</sup> for varer som ikkje er næringsmiddel.

I desse direktiva er det òg fastsett ei plikt til å opplyse om prisen per måleining for varer som vert marknadsførde i laus vekt, og for visse ferdigpakka varer, og det er vidare fastsett ei rekkje unntak frå denne plikta for tilfelle der varer vert marknadsførde som ferdigpakningar i mengdeseriar, der opplysning om pris per måleining ikkje er viktig informasjon for forbrukaren, eller der slik opplysning er ei urimeleg stor byr for små detaljistar.

I dei førnemnde direktiva er det fastsett ein overgangsperiode for å setje i verk unntaka frå plikta til å opplyse om prisen per måleining for visse ferdigpakka varer. Overgangsperioden gjekk ut 7. juni 1995.

Fordi medlemsstatane har ulik handelspraksis, har det vore særskilt vanskeleg å gjennomføre desse direktiva.

Det bør takast omsyn til alle dei vanskanane som gjennomføringa av føresegnene i direktiva har valda, og det bør utarbeidast nye og enklare føresegner.

Med dette som mål bør Kommisjonen i år gjere framlegg om enklare føresegner som byggjer på ei allmenn plikt til å opplyse om prisen og prisen per måleining for alle varer.

Slike nye føresegner kunne ikkje vedtakast før juni 1995.

Det bør fastsetjast ein frist som gjev medlemsstatane den tida dei treng til å setje i verk dei planlagde nye føresegnene.

Den overgangsperioden som er fastsett i artikkel 10 første leddet i direktiv 79/581/EØF og 88/314/EØF, bør derfor lengjast med to år -

**VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:****Artikkel 1**

1. I artikkel 10 første leddet første punktumet i direktiv 79/581/EØF om forbrukervern ved angivelse av priser på næringsmidler vert orda «en frist på sju år» bytte ut med «en frist på ni år».

2. I artikkel 10 første leddet første punktumet i direktiv 88/314/EØF om forbrukervern ved angivelse av priser på varer som ikke er næringsmidler, vert orda «en frist på sju år» bytte ut med «en frist på ni år».

**Artikkel 2**

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Desse føresegnene skal nyttast frå 7. juni 1995.

2. Når desse føresegnene vert vedtekte av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

(\*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 299 av 12.12.1995, s. 11, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 34/96 av 31. mai 1996 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIX (Forbrukervern), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF nr. C 337 av 31.12.1994, s. 16.

(2) TEF nr. C 155 av 21.6.1995, s. 9.

(3) Europaparlamentsfråsegn av 19. mai 1995 (TEF nr. C 151 av 19.6.1995, s. 368), felles haldning frå Rådet av 19. juni 1995 (TEF nr. C 182 av 15.7.1995, s. 6), europaparlamentsavgjerd av 20. september 1995 (TEF nr. C 269 av 16.10.1995) og rådsavgjerd av 30. oktober 1995.

(4) TEF nr. C 92 av 25.4.1975, s. 2, og TEF nr. C 133 av 3.6.1981, s. 2.

(5) TEF nr. L 158 av 26.6.1979, s. 19. Direktivet endra ved direktiv 88/315/EØF (TEF nr. L 142 av 9.6.1988, s. 23).

(6) TEF nr. L 142 av 9.6.1988, s. 19.

3. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

**Artikkel 3**

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 29. november 1995.

For Europaparlamentet For Rådet

*K. HÄNSCH L.*

President

*ATIENZA SERNA*

Formann